



Glimt frå lokalhistoria

HUSMANNSPLASSEN

I 1700- og 1800 åra auka folketalet. Potetene var tat i bruk og koppevaksinen kom, så mange som før ville ha dødd små hell unge, voks opp og trong plass. Før utvandriga til Amerika tok til, var ein husmannsplass bergjinga for mange. Men tidene endra seg som dei jamt gjør, dei unge tok ut og dei gamle døde, og husene blei fløtta. Gjenbruk er ikkje noko nytt påfunn; Staua på Finnen kjøpte Lill-Åvoll til staua på Nygård, Tor Nilsen Røed kjøpte staua etter Erik Venli og sette ho opp som ein del i huset som Gudbrand Nordbye kjøpte. Staua til Sakarias blei reven og fløtta utover. Håre stauene på Gjerbakkane kom hen, veit me ikkje, men frå Lundeåsen kom staua til Grandalen, der Harald Pærsen timra `o opp igjen og Gudbrand Ruud kjøpte staua etter Anne Flaten som "hadde dokumentene i det våte", (krydderiene i sausen), og søstera, Ingeborg, og bygde på Nørkjærrhøgda. Dessa plassane og alle dei andre som er frå fløtta og huslause, ser `n mest ikkje merke etter lenger, men to plassar har ennå huser og eigarar, Kleivane og Melåsli.

Halvor Andersen blei fødd på ei halvøy vest for Bodø i 1765, men han må `kje ha likt sjølivet, for han gikk på beina til Gjerstad der han fekk tenest på Lunde. Kan hende det var der han blei kjent med Asborg Knutsdotter og då det lei på blei dei gift. Ho må ha blee overhendig glad i denna nordlenningen, for det var ikkje rare kår han hadde å by `nar, ein armosplass under Mostad. Men der var godt to i `an, og han så at det var god jord i lia under Tereknuten, stupbratt var ho, men grei å bryte, for steina rulla nedover av seg sjøl når han fekk løyst dei. Halvor akkederte med Ola Tellefsen Melås, der nord, og fekk plass i Melåsli. I folketelninga for 1801 står det: Halvor Andersen, mand 36, Asbor Knudsdatter, hans kone 32, begge i 1. ste ægteskab. Anders Halvorsen, deres søn, 2 ugift. Kari

Pedersdatter 25. Holder sig der. Blev syg, kom af tjenesten. Nyt plads, lidet. Gaaer i dagleie som andre husmænd.

Halvor døde i 1831, då var plassen blitt mykkje større, men like bratt. Dei hadde fire bonj attil Anders: Knut, Gunvor, Jens og Halvor.

Anders fekk Ingeborg, dotter til Jakob Knudsen som hadde plass under Melaas, dei gifta seg i 1831, fekk Asborg i 1832 og Halvor i 1834. Halvor fekk Aslaug Jensdotter Ormkleivog dei fekk 6 bonj: Anders f. 1860 reiste til Amerika, Ingeborg og Jens blei gift i Kragerø, Jens blei enke-mann og gift andre gongen med Siri Kolvedhøgsten, Anne døde 42 år gammal frå sonen Halvor som voks opp i Lia. Dei kalla Aslaug for "potetenka" for ho var så god til å dyrke poteter, tok fræ av dei størst runnane og dyrka nok til å fø ungeflokken, for ho ville ikkje på Fattighjemmet. Ola Lia kjøpte plassen i 1910 og blei sjøleigar. Han fekk Berte Stålrød og dei fekk Agnes. Ole døde 62 år gammal i 1936 og Berte bygde et lit hus ved Langvei. Søstera Helene og søstersonen Halvor budde og dreiv Lia med et par kyr og ein lien saueflokk. Då Helene måtte gi seg sluta Halvor med dyr, men budde der til han måtte på Gjerstadheimen, og jordene begynte å gro til, som så mange plassar. Agnes var gift med Arne Osmunddalen og bur der, men dei har ingen etorielag, som gjerne ville gi plassen til Gjerstad Hist-som ho var for over 200 år sia. Men medlemme-ne i Historielaget er sjevels gamle for så bratte bakkar. Uthuset er bygd på etter som det trongst og høybua i Slemdal er reven for lenge sia, men det er ein av dei bitte få plassane som er igjen, og bør bevarast. Her er bidrag å få til slikt, kan hende 4H kunne være den rette, eller Gjerstad Museum, om det er i live?